



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1986 - 15/12748

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
29.10.2015

Synfaringsrapport 155/4

Deltakara: Aud Oline Hopland Skoge, Leif Atle Skoge, Frode Hervik, Kari Utkilen og Kristine Skaiaa Born
Tid: 27/10/2015 kl 17-18.

Saksopplysninger:

Det er ønskelig å opprette ein plass for formidling av steinalderfunna i Fosnstraumen på ein høyde på gbnr 155/4 (sjå vedlagt kart). Det er difor naudsynt å få fjerna skogen (gran) for å få litt utsyn og oversikt over området.

Skogfagleg vurdering:

Det grønne polygonet markerer området som bør tas ut for å oppnå den ønska effekten på formidlingsområdet. Det står i dag ca. 15-20 daa med sitka på teigen og det resterende skogarealet er lauvskog/kratt. Skogen er ikkje hogstmoden hkl. 4 og ca. 40-50 år. Det er dog ein del kubikk og vaksne trær. Gran var eit treslag som ikkje vakste i våre trakter i tidsepoken ein ønsjer å formidle.

Tradisjonell skogdrift på området er uaktuelt av omsyn til forminnene. Et alternativ kan være å gå inn med manuell felling og traktorvinsj. Eventuelt med hest.

For å kunne halde området ope bør ein ta vekk eit myskje større område med skog. Sitka og andre bartrær bør tas ut i heile det tilgrensande området (Gbnr. 155/4 og 7). Slik det ser ut i dag kan deler av 155/7 tas ut på meir tradisjonelt vis. Sitka trivast svært godt på våre kanter og vil vekse frå frøbanken i bakken og spres frå kringliggande områder, difor vil det være avgjørende å ha ein plan for skjøtsel av tilveksten på plass før ein tar ut skogen t.d. beitedyr, ryddelag. Det må søkes fritak for foryngelsesplikten i skoglovens §6.

Økonomi:

Kvantum er her for lite for å kunne dekke utgiftane ved hogst. Omsyna til forminna stiller og store krav til utførselse og kunnskap før uttak. Den mest realistiske metoden vil trolig være manuell hogst og ein lett maskin for å frakte tømmert ut. Grunna tømmerets alder vil sal i konvensjonelle kanaler være vanskeleg så sal til lokale vedprodusenter eller engeriproduksjon vil trolig være det beste. Det må vurderes om det skal avsettes skogfond på eigedomen.

Med helsing

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oversiktskart
Kart 2

Mottakarar:

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Kari Utkilen		5943	AUSTRHEIM
Frode Hervik	Sævdalsvegen 2	5936	MANGER